Nytt om namn

Meldingsblad
for Norsk namnelag

Nr. 2, 1984

Oslo 1985

N Y T T O M N A M N

Meldingsblad for Norsk namnelag (NNL)
Redaktør: Botolv Helleland
Utgjevarstad: Institutt for namnegransking,
Universitetet i Oslo
Nr. 2 1984

Innhald

"Nytt om namn" nr. 2 ..... side 3
Tidsskriftet "Namn og nemne" ..... " 4
Til gamle og nye medlemer i Norsk namnelag ..... " 5
Styremøte i Norsk namnelag ..... " 6
Konferansar - symposium - kongressar. Rapportar ..... " 7
Islandsk og færøysk namnebibliografi ..... " 7
Lokalhistoriske samlingar ..... " 8
Nye namnekonsulentar ..... " 8
Informasjon om informasjon ..... " 9
Namneseminar på Utstein kloster ..... " 10
Personnavnprosjekt i Stavanger ..... " 11
Nyfanngrova ..... " 13
Tingingsblankett 13-14
Stadnamn på kart ..... " 15
Nye gamle kart ..... " 15
Prestegarden og Oppigarden: To ulike lagingsmåtar ..... " 16
Namn som fortel om oss ..... " 19

Redaksjonen er avslutta 31. desember 1984.
Usignerte artiklar står redaktøren sjølv for.

ADRESSER:

Norsk namnelag, Nordisk institutt, Universitetet i Trondheim, 7055 Dragvoll. Tlf. 07-596500
Tidsskriftet "Namn og nemne", Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplass 9, 5000 Bergen. Tlf. 05-212422
Meldingsbladet "Nytt om namn". Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo, postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo 3. Tlf. 02-454375

Bankgironr. til Norsk Namnelag: 8401.21.34427 (adresse: Nordisk institutt Sydnesplass 9, 5000 Bergen)

"NYTT OM NAMN" NR. 2

Dette andre nummeret av meldingsbladet "Nytt om namn" var lova i oktober, men kjem fyrst no ved årsskiftet. Det heng saman med arbeidssituasjonen til redaktøren og med ein del innkøyringsvanskar av ymse slag. Men me vonar etter kvart å koma inn i normal rytme med eit nummer om våren og eit om hausten til faste tider. Neste nummer av meldingsbladet vil koma til våren.

***Norsk namnelag** er no eitt år gamalt. Medlemstalet ligg ein stad midt mellom to og tre hundre og er i jamt sig. Styret trur at etter kvart som laget og dei skriftene det gjev ut, vert kjende, vil mange fleire melda seg inn.*

*Fyrste nummeret av tidsskriftet **"Namn og nemne"** kom i november. Det er på 95 sider, og på neste side er tittelbladet og innhaldslista presentert. Både tidsskriftet og meldingsbladet skal normalt koma ut med to nummer i året. Men oppstartingsvanskane har gjort at det berre kjem eitt nummer av tidsskriftet i 1984. Redaksjonen ventar å koma i rute i 1985, og neste nummer av tidsskriftet vil etter planen koma i juni.*

Medlemspengane er 100 kroner året. Ein vert medlem ved å tinga tidsskriftet og meldingsbladet (bruk innmeldingsblanketten på s. 13-14 i dette nummeret av "Nytt om namn"). Dei som melder seg inn i laget no, vil få nr. 1 av tidsskriftet og nr. 1 av meldingsbladet tilsende. I tidsskriftet vil det fylgja med eit innbetalingskort for medlemspengane. Ein betaler altså på etterskot. Medlemspengane for 1985 vert å betala i samband med seinare nummer av tidsskriftet.

***"Nytt om namn"** er fyrst og fremst eit meldingsblad om drifta i Norsk namnelag, og om aktiviteten ved namnefagmiljøa og tilgrensande miljø rundt om i landet. Men det skal og vera eit kontaktblad der medlemene kan få plass i spaltene til å uttala seg om namnespørsmål.*

namn og nemne

Tidsskrift for norsk namnegransking

Innhald

«Namn og Nemne» 7
Hallan, Nils: Om Oluf Rygh på 150-årsdagen 9
Tveitane, Mattias: Nidelva, Nissan, Nisser og Nissedal 23
Myrvang, Finn: Drutvika 35
Særheim, Inge: Det steig av hav. Landheving og namnetolking (med døme frå Jæren) 39
Akselberg, Gunnstein: Vikingtidsindividualisme eller naturnemne-relasjonar? Om utmerkingslekkane i staðir-namn på Voss og i grannebygdene i indre Hordaland sett på bakgrunn av eldre og nyare nordisk gransking 51
Hallaråker, Peter: Offentleg namngjeving i Møre og Romsdal 83

UTGJEVE AV NORSK NAMNELAG
REDAKTØRAR: OLE JØRGEN JOHANNESSEN OG ODDVAR NES

ÅRGANG 1 - 1984

ALVHEIM & EIDE, ØVRE ERVIK

Reidar Djupedal, formann i Norsk namnelag:

TIL GAMLE OG NYE MEDLEMER I NORSK NAMNELAG

Norsk namnelag har til føremål å vekkje interessa for og styrkje kjennskapen til namnevitskap og namnevern. Dette arbeidet skal gjerast såleis at det gagnar både folk og land, vitskap og kultur. Det er ei stor og vand oppgåve laget har sett seg, men det er òg ei ansvarsfull og gjevande oppgåve som set krav til alle med godhug for den rike norske namneskatten. Men god vilje er ikkje nok. Vi treng synleg hjelp til å få samla inn stadnamna før det er for seint. Det er dei som brukar namna, og som bur og ferdast i dei områda der namna finst, som kan gje dei beste opplysningane om bruken og uttalen. Alle har såleis noko å kome med, og alle er like velkomne.

Stadnamna er vår viktigaste kjelde til kunnskap om busetnad og arbeidsliv i førhistorisk tid. For tida før året 1000 har vi ikkje stort andre kjelder å byggje på. Av eit stadnamnkart kan vi langt på veg lese oss til korleis landet vart rudd og bygd når folk slo seg ned på staden. Dei beste stadene og det mest laglege lendet vart fyrst dyrka og folkesett . Stadnamna høyrer med til den sams kulturarven vår som vi skyldar å halde i hevd. For kvart stadnamn som døyr og vert gløymt, vert ein lut av landet borte. Stadnamna avspeglar òg landsvoksteren fram til i dag. Å granske stadnamna er som å lese i ei levande sogebok.

No har levekår og arbeidsliv skift mykje gjennom tidene. Gamle namn kverv og nye kjem i staden. Det lyt såleis vere. Med moderne navigasjon treng ikkje båtane ta seg fram over bòdar og grunnar og langs holmar og skjer, langt mindre har folk bruk for å vite kva alle stadene heiter. Vi treng heller ikkje som sauebonden i Selje vite namna på alle stadene i utmark og beitelende når han skulle finne att sauene sine. Folk brukar ikkje fjellet og beitemarka lenger. Samferdsle og hopehav folk og grender imellom har teke nye vegar og folk tek seg fram etter riksvegen med nummer og retningspiler. Namna trengst ikkje lenger og vert borte.

Det hastar difor med å sanke inn stadnamna og andre nemningar ute i naturen før det vert for seint og dei folk er borte som visste kva stadene heitte. Kvar dag døyr det stadnamn, og flest på stader der folk ikkje lenger bur eller ferdast.

I mange år har det vore tale om å få ei lov om stadnamn og namnevern. Etter alt å døme er ei slik lov snart ventande. Den viktigaste oppgåva er å få samla inn og få teke vare på stadnamna. Dernest må rettleiingstenesta for stadnamn styrkjast. Etter kvart som bygdebyar og tettgrender veks til, vert det spørsmål etter "nye" namn på gater og vegar. Då kan

dei gamle namna hentast fram att og få nytt liv. Nett når det er tale om namnsetjing, trengst både sakkunnskap om og innsyn i tilhøva før nytida kom. Då trengst det og måtehald, så ikkje velmeinte men meiningslause namn kjem i bruk og får hevd i staden for dei gamle.

Her er oppgåver nok, og vi vonar å få hjelp av alle våre vener kring i by og bygd. Alle er velkomne i laget.

STYREMØTE I NORSK NAMNELAG 16.9. 1984

Møtet vart halde på Rogaland distriktshøgskule i samband med namnekonferansen på Utstein. Her fylgjer eit samandrag av dei viktigaste sakene.

Ole-Jørgen Johannesen vart vald til kasserar utanom styret sidan ingen av dei faste styremedleme hadde høve til å ta dette arbeidet på seg.

Fyrste nummeret av tidsskriftet NAMN OG NEMNE vart drøft, og skriftstyret rekna med at heftet ville kunne sendast ut i november. Det ville gå til alle som hadde meldt seg inn i Norsk namnelag.

Styret gjekk inn for at det vart sett i verk ein vervekampanje for å få folk til å tinga tidsskriftet og såleis verta medlemer i laget.

Styret tok utsending av nr. 2 av meldingsbladet NYTT OM NAMN opp til drøfting. Det var semje om at dette nummeret på same måte som nr. 1 skulle prentast i eit opplag på 2000 og spreiast til interesserte, men at seinare nummer berre skulle gå til medlemene i laget og eventuelt til utvalde institusjonar.

Økonomien i laget vart drøft. Det var semje om å søkja Norsk kulturråd, Kultur- og vitskapsdepartementet og Miljøverndepartementet om støtte til publikasjonsverksemda. Noregs allmennvitskaplege forskingsråd hadde gjeve støtte til fyrste nummeret av tidsskriftet, og det ville verta send inn ny søknad for nr. 2.

Styret drøfte særskilt kva som kunne gjerast for å styrkja innsamling av namnetilfang. Denne fråsegna vart vedteken:

> Styret i Norsk namnelag går inn for at det kjem i stand samarbeid mellom på den eine sida faglege/vitskaplege institusjonar og på den andre sida kulturpolitiske styresmakter i kommunane og fylket. Det bør setjast i gang organisert registrering og arkivering av stadnamn i alle fylke etter dei retningslinene som gjeld i dei faglege miljøa, t.d. slik dei kjem fram i Universitetsforlagets handbok i stadnamnregistrering og i innstillinga fra nemnda for dataregistrering av stadnamn.

Til slutt oppmoda styret Institutt for namnegransking til å stå for ein nasjonal konferanse i Oslo hausten 1985 med tanke på at neste landsmøte i Norsk namnelag kunne skipast til samstundes.

KONFERANSAR - SYMPOSIUM - KONGRESSAR RAPPORTAR

Den XV. internasjonale namnegranskarkongressen vart halden i Leipzig i Aust-Tyskland 13.-17. august 1984 med Sektion der angewandten Sprachwissenschaft, Karl-Marx-Universität som arrangør. Hovudemnet var "Namn i språk og samfunn". Frå Noreg var det 4 deltakarar. Kongressforedraga vil verta publiserte hovudsakleg som mikrofilm.

I 1983-84 har det vore arrangert fleire nordiske namnesymposium i samarbeid med Nordisk namnekomité (NORNA). "Regional och social variation i nordiskt personnamnsskick" var emne for eit symposium i Umeå, mens "Semantiske aspekter på topografiske appellativer" var tema for eit symposium i Reykjavík (båe i 1983). I mai 1984 stod Nordisk institutt ved Universitetet i Trondheim som vertskap for symposiet "Personnamn i stadnamn". Rapportane med foredrag og diskusjon frå alle desse symposia er under prenting og vil venteleg vera tilgjengelege i fyrste halvdel av 1985. Dei kan tingast i Nornaförlaget, St. Johannesgatan 11, S-75223 Uppsala.

På det heimlege planet vart den 3. nasjonale konferansen i namnegransking skipa til i Oslo i november 1983 med Institutt for namnegransking som tilskipar. Rapporten med foredrag og diskusjon er nyss prenta og kan tingast gjennom Institutt for namnegransking, Postboks 1011, 0315 Oslo 3.

Rogaland distriktshøgskule stod for eit namneseminar om "Desentralisert namneregistrering og stadnamn som historisk kjeldetilfang" på Utstein kloster i september 1984 (sjå omtale annan stad i meldingsbladet).

Fleire større og mindre konferansar og møte er planlagde for 1985. Hovudtilskipinga på nordisk grunn er den 9. nordiske namnegranskarkongressen i Lund i Sverige 4.-8. august. I samband med landsmøtet i Norsk namnelag i november vil det truleg verta skipa til ein dagskonferanse om stadnamn og lydskrift. I Hordaland og Nordland er det planlagt fylkeskulturkonferansar om stadnamninnsamling.

ISLANDSK OG FÆRØYSK NAMNEBIBLIOGRAFI

Lektor Eli Ellingsve har utarbeidd ein bibliografi over islandsk og færøysk namnelitteratur. Bibliografien inneheld ca. 500 nummer (einskildverk og artiklar), ordna i to hovudgrupper for kvart land: "Stedsnavn" og "Andre navn" for Island og tilsvarande for Færøyane. Bibliografien kan tingast i Institutt for namnegransking, postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo.

LOKALHISTORISKE SAMLINGAR

"Om lokalhistoriske samlingar" heiter ei tilråding frå eit utval som er nedsett av Norsk kulturråd (Oslo 1984). Hans Try har vore formann. Utvalet skulle m.a. greia ut om "hvordan lokalt, ikke-statlig og kommunalt, skriftlig historisk materiale bør samles inn,oppbevares og gjøres tilgjengelig for forskning og annen kulturell aktivitet både på lokalplanet og på riksplanet". Utvalet skulle òg drøfta lokalisering, organisasjon, økonomi og personalesituasjonen ved slike samlingar.

Innstillinga, som saman med 11 vedlegg er på 153 sider, gjev ei utførleg vurdering av dei fleste spørsmåla som er tekne opp i mandatet. Med den avgrensinga som skriftlig gjev, har ikkje utvalet funne det aktuelt å gå særskilt inn på munnleg tradisjonsmateriale i denne samanhengen, sjøl om stadnamn- og målføresamlingane ved universiteta og tradisjonsmaterialet til Norsk etnologisk gransking så vidt er nemnde. Dessutan vert det vist til heftet "Minne og tradisjon" av Liv Marthinsen (Norsk lokalhistorisk institutt 1982) som gjev eit instruktivt oversyn over munnleg tradisjon ved dei ulike institusjonane.

Utvalet har sjølvsagt vore klår over den viktige rolla som munnleg tradisjon spelar i vår nasjonale kulturarv. Spørsmålet er no om ikkje dette materialet burde få ei like omfattande drøfting i eit eige utval der ikkje berre organisasjon og arkiveringsspørsmål vart tekne opp, men heile problemet omkring registrering og vern av eit stoff som er særleg utsett for gløyming og tap.

Innstillinga kan tingast fritt i Norsk kulturråd, postboks 101 Sentrum, 0102 Oslo 1 (tlf. 02-423919). Ho vil heilt sikkert vera eit nyttig og inspirerande dokument for mange av lesarane våre.

NYE NAMNEKONSULENTAR

Kultur- og vitskapsdepartementet har tilsett amanuensis Botolv Helleland ved Institutt for namnegransking som ny namnekonsulent for nynorsk. Tilsetjinga gjeld til nye reglar for skrivemåten av stadnamn og ny konsulentordning er vedtekne. Samstundes har departementet tilsett førsteamanuensis Oddvar Nes ved Nordisk institutt i Bergen som ny ekstraordinær namnekonsulent for nynorsk. Fram til mars 1985 er vit.ass. Margit Harsson tilsett som konsulentsekretær. I denne tida vil ho vera vikar for Tom Schmidt som har forskingsopphald i England. For bokmål er det inga endr-

ing - her sit professor Eyvind Fjeld Halvorsen som ordinær namnekonsulent og dosent Finn Hødnebø som ekstraordinær konsulent.

Helleland tek over etter dosent Per Hovda som har vore statens namnekonsulent for nynorsk heilt sidan 1942. I dei 42 åra han har hatt dette ombodet, har han lagt ned eit veldig arbeid, fyrst og fremst ved å gå gjennom kartverket til Noregs geografiske oppmåling og Noregs sjøkartverk. Av dei mest omfangsrike oppgåvene bør særskilt nemnast gjennomgåinga av namnetilfanget på hovudkartserien til NGO (M711), som no nærmar seg fullføring. Dette kartverket tel over 720 blad og inneheld ca. 400.000 namn.

INFORMASJON OM INFORMASJON

K R I N G S J Å heiter eit lite blad som har undertittelen "Informasjon fra Norsk lokalhistorisk institutt". Dette enkle meldingsskriftet gjev kortfatta informasjon om verksemda ved instituttet, om arkivordningar, seminar, møte, utgjeving og i det heile om det som ovrar seg i og omkring arkiva.

Nr. 4 1984 har nett kome ut, og her kan ein m.a. lesa om kommunale løyvingar til bygdeboktiltak, universitetskurs i lokalhistorie, EDB og lokalhistorie, avleveringsplikt, arbeiderbevegelsens arkiv og innsamling av stadnamn(!) Ei nyttig bibliografisk orientering får me i eit stykke om Norske tidsskriftartikler som Universitetsbiblioteket i Oslo gjev ut.

Interesserte kan få denne informasjonen ved å venda seg til Norsk lokalhistorisk institutt, postboks 38, Kringsjå, Oslo 8. Tlf. 02-237480.

Namneseminar på Utstein kloster.

Rogaland distriktshøgskule skipa til namneseminar på Utstein kloster 16.-17. september 1984 i samarbeid med Rogaland akademi. Emne var desentralisert namneregistrering og stadnamn som historisk kjeldetilfang. Dei 25 deltakarane representerte fylkeskultursjefane i fem fylke på Vestlandet og Sørlandet, dessutan arkiv, museum, universitet og distriktshøgskular i København, Kaupanger, Bergen, Volda, Stavanger, Kristiansand, Oslo og Kongsvinger.

Per-Bjørn Pedersen, nestformann i Norsk namnelag, ønskte vel møtt og sa at det er eit siktemål for laget at det vert sett i gang organisert registrering av stadnamn i alle fylka i landet i samarbeid mellom fagleg institusjon og kulturstyresmakter. Han viste til at det no ligg føre handbok i innsamling og arkivering av stadnamn og rettleiing om edb-registrering av stadnamn. Botolv Helleland orienterte om meldingsbladet "Nytt om namn" og Ole Jørgen Johannessen om tidsskriftet "Namn og nemne", som skal vera den vitskaplege sida av arbeidet i Norsk namnelag.

Bent Jørgensen (København) heldt føredrag om stadnamn som historisk kjeldetilfang. Han såg emnet i lys av ulike fasar av nordisk namnegransking, og peika på fleire metodiske vanskar ved bruk av stadnamn som historiske kjelder.

Roald Håland (fylkeskultursjef i Rogaland) greidde ut om førebuing og gjennomføring av stadnamnregistreringa i Rogaland. Han sa at fylka må setja i gang sjølv, om ein ønskjer å få dette gjort, og meinte at det er råd å få til dette sjølv i økonomisk sett vanskelege tider. Peter Hallaråker orienterte om stadnamnprosjektet i Møre og Romsdal, og såg fylket og kommunen som dei naturlege einingane ved organisert registrering av stadnamn. Per-Bjørn Pedersen greidde ut om føremoner med å bruka edb som hjelpemiddel ved namneregistrering og arkivoppgåver, og understreka at ein bør bruka mest mogleg sams framgangsmåte ved ulike institusjonar i landet.

I ordskiftet om organisering av stadnamnregistrering i vestlandsfylka peika Aasmund Mjeldheim (fylkeskultursjef i Hordaland) på at dette er ei nasjonal sak, og sa at han ville arbeida for å få til stadnamninnsamling i Hordaland i samarbeid med fagleg institusjon. Også Lidvin Osland (fylkeskultursjef i Sogn og Fjordane) understreka at ein vil setja i gang organisert stadnamninnsamling i Sogn og Fjordane i samarbeid med Universitetet i Bergen. Han såg dette som ei svært god sak å arbeida og argumentera for politisk i desse dagar, og ba Norsk namnelag syta for at stadnamnregistrering vert teke med i meldinga frå Kyrkje- og undervisningskomitéen.

Eiliv Birkeland (fylkeskultursjef i Møre og Romsdal) understreka at fylket er den naturlege organisasjonseininga ved stadnamninnsamling. Roald Håland understreka at ein er i tidsnaud når det gjeld registrering av stadnamn frå munnlege kjelder, og sa at namnelaget bør skipa til ein landsomfattande konferanse om stadnamnregistrering med departementet i ryggen.

Anders M. Andersen Per-Bjørn Pedersen Inge Særheim

PERSONNAVNPROSJEKT I STAVANGER

Ved Institutt for namnegransking er undertegnede i gang med et halvårig kulturpolitisk pilotprosjekt med arbeidstittelen "Personnavn i Stavanger. En undersøkelse av fremmed påvirkning på navnebruk og navneskikker".

Hensikten med prosjektet er å undersøke hvordan de kulturtradisjonene som personnavna representerer, nå i vår tid er utsatt for fremmed påvirkning fra media, populærkultur og gjennom økt urbanisering og utenlandskontakt. Arbeidet består i å kartlegge påvirkningsfaktorene og deres betydning, beskrive navneskikken i Stavanger-området i etterkrigstida, og se på tendenser som antyder noe om utviklingen framover.

Det er ingen tilfeldighet at Stavanger er valgt som undersøkelsesområde. Etter 1970 har byen utviklet seg i retning av en europeisk oljemetropol, og ved siden av sterke påvirkningsfaktorer som media, populærkultur og urbant miljø, har Stavanger spesielt mye kontakt både inn- og utenlands. Dessuten bor det mange utlendinger i byen, særlig amerikanere, franskmenn og briter. I 1982 utgjorde de 6,6% av den totale befolkningen.

Prosjektets styringsgruppe består av amanuensis Per-Bjørn Pedersen (Rogaland distriktshøgskole), statsarkivar Hans Eyvind Næss (Statsarkivet i Stavanger) og undertegnede. I tillegg har representanter fra andre institusjoner, blant annet Universitetet i Bergen, vært trukket med i planleggings-

arbeidet. Denne samarbeidsmodellen, der ulike organisasjoner og institusjoner er involvert, følges opp i finansieringen av prosjektet. Hovedkilder er Norsk kulturråd, Stavanger kommune og Rogaland fylkeskommune. Også Statsarkivet i Stavanger og Institutt for namnegransking bidrar til finansieringen.

Med sokneprestenes fødselsregistre som kilde, registreres fornavna på alle barn født i Stavanger i åra 1950-52, 1970-72 og 1980-82 ved hjelp av EDB. Dessuten er en del kontrollområder i Rogaland samt et representativt utvalg fra Oslo og Bergen tatt med. I alt blir ca. 25 000 navn registrert. Registreringsarbeidet utføres av arkivar Jan Alsvik ved Statsarkivet i Stavanger. I tillegg sender vi et spørreskjema til et tilfeldig utvalg på 900 familier - 100 for hvert av de ovennevnte fødselsåra. Foreldrene blir bedt om å krysse av passende svaralternativer for navneforbilder, grunner for navnevalget o.a. Alle familiene grupperes i sosiale sjikt etter farens utdanning og yrke. På den måten er det mulig å finne ut hvordan navngivingen varierer med utdanning og sosial status.

Ett mål er at navnematerialet brukes i videre forskning ut over pilotprosjektet, f.eks. som grunnlag for hovedfagsoppgaver. To studenter er nå i gang med planlegging i den retningen. Videre håper vi at prosjektet blir fulgt opp med liknende undersøkelser andre steder i landet.

Prosjektrapporten vil foreligge i løpet av våren.

Anne Svanevik

— Nei, vi skal ikke kalle ham Clint Ivers Bud Spencer Elvis Dutte Cassius John Wayne Johansen.

NYFANNGROVA

Eg har lagt merke til at både Sunnylvingen, Sunnmørsposten, Vegstellet og andre stadig nyttar forma **Nyfonngrova** med o i "fonn". Dette ergrar meg!

Alle vi som har tilknytning til Hellesyltstrendene fra gammalt, veit at den rette form og uttale er **Nyfanngrova** med a i "fann". Etter førstelekken skulle ein tru at dette er ei "ung" fonn. Tvert imot! "Fann" viser at ho er **gammal**. Vokalen **a** er nemleg minning om ei form som longo er utdøydd i sunnylvsmålet (frå gammalnorsk **fanna(r)**. **Nyfanna(r)grófin.**) Altså må denne fonna ha vore "ny" **før** forma **fanna(r)** vart borte i målføret (truleg for fleire hundre år sidan).

Noko endå meir underleg: "Nyfonna" er sjeldan (aldri?) nytta som namn på den staden det gjeld av **lokalkjende** folk. Det kjem seg av at namnet på grova er vorte namn på sjølve lokaliteten der grova renn (**grovafar**). Dette i sin tur fortel at det ikkje berre må vere lenge sidan fonna var "ny", men at ho har halde opp å gå i så lange tider at det ikkje lenger var noko fonnstrek der, og difor heller ikkje bruk for noko fonnamn.

Men så - for nokre år sidan - tok den "gamle nyfonna" til å gå på nytt

---------- KLIPP HER ----------

TINGING AV "NAMN OG NEMNE" OG "NYTT OM NAMN"

Eg/me ynskjer å abonnera på tidsskriftet "Namn og nemne" og meldingsbladet "Nytt om namn", kvart med to nummer i året, og samstundes verta medlem i Norsk namnelag.

Eg/me vil betala bladpengane/medlemskontingenten på 100 kroner når fyrste nummer av "Namn og nemne" er motteke.

Namn (person eller institusjon) _____

Adresse _____

_____

Klipp denne slippen frå og send han til "Namn og nemne"
Nordisk institutt, Universitetet i Bergen
Sydnesplass 9
5000 Bergen

og såleis skapte behov for eit namn. Ein kan vel ikkje godt kalle denne for **Nynyfonna**. Det får vel då bli **Nyfonna**, men for all del: Ikkje anna enn **Nyfanngrova** når det namnet blir brukt!

Desse linjer for å vise kor mykje kunnskap ein kan hente ut av eit einaste stadnamn og ein einsleg vokal.

Men samstundes og for å minne om kor farleg det er og kor mykje som kan gå tapt om ein "tuklar" med kulturminne som dei gamle stadnamna våre er.

O.-A. Hellesylt

Bli medlem i Norsk namnelag!

---------- KLIPP HER ---- ----------

BESTILLING AV "NAMN OG NEMNE" OG "NYTT OM NAMN"

Jeg/vi ønsker å abonnere på tidsskriftet "Namn og nemne" og meldingsbladet "Nytt om namn", hvert med to nummer i året, og samtidig bli medlem i Norsk namnelag.

Jeg/vi vil betale bladpengene/medlemskontingenten på 100 kroner når første nummer av "Namn og nemne" er mottatt.

Navn (person eller institusjon) _____

Adresse _____

_____

Klipp denne slippen fra og send den til "Namn og nemne"
Nordisk institutt, Universitetet i Bergen
Sydnesplass 9
5000 Bergen

STADNAMN PÅ KART

Karta er den litteraturen der stadnamna i regelen blir offentleg eigedom. Ein skulle difor vente at alt vart gjort for at dei namna som kjem på eit kart blir rette. Dessverre er ikkje dette tilfelle. Eg har sett litt på dei nye 50.000-karta i serien M 711, først og fremst blad nr 1927 I **Mo i Rana**. Eg refererer desse døma:

På kartet	**Staden heiter**
Kveltnausen	*Kveldknausen*
Litlevassdalshaugen	*Litjlkvandalsrabben (-haugane)*
Kabushalla	*Kabushatten*
Løflia	*Løftlia (Loftlia)*
Slettefjellet	*Slettafjellet*
Storebakktjønna	*Storbakktjønna*
Eskjeklumpen	*Esjeklumpen*
Storholms-evja	*Storholm-sevia (-sevja)*

Eg har sett berre på dei namn som eg kjenner serleg godt, så ei nøyare gransking ville kanskje openberre fleire namnemishandlingar enn desse.

Eg veit ikkje om skulda for dette skal leggjast på NGO eller namnekonsulentar, men eg synest det er ei skam at kulturminne som stadnamn kan handsamast slik. Det bør heller ikkje vere nødvendig. Ved å vende seg til museet på staden (i vårt tilfelle Rana Museum) kunne kartmakarane ha fått kontakt med vettige, lokalkjente bygdefolk som **kan** desse namna. **Det** ville etter mi meining vore betre enn å servere misforståtte og ikkje forståtte namn, i mange tilfelle med anna meiningsinnhald enn det dei skal ha.

Eg veit ikkje om det har vore stadnamnkonsulent inne i biletet her. Har det det, står det ille til i Noreg.

Det er enno mykje usagt om stadnamn - serleg i nord - men det får vere til ein annan gong.

Per Straumfors

NYE GAMLE KART

Noregs geografiske oppmåling har gjeve ut ei lang rekkje eldre (historiske) kart i nye reproduksjonar. Desse karta kan tingast beinveges i NGO, 3500 Hønefoss. Oversyn over karttilbodet finst i "**informasjon fra NGO**".

PRESTEGARDEN OG OPPIGARDEN: TO ULIKE LAGINGSMÅTAR

Den svenske namnegranskaren Bengt Pamp slår fast at eit stadnamn kan innehalde eitt eller to ledd[1], og aldri meir enn to. Stadnamn med eitt ledd er usamansette, og stadnamn med to ledd er samansette. Døme på usamansette stadnamn er Vik, Plassen, Glåma. Døme på samansette stadnamn er Veslemyra (samansett av adj. vesle og subst. myr) og Oslofjorden (samansett av stadnamnet Oslo og subst. fjord).

Edb-registrering av stadnamn gjer det mogeleg på ein enkel måte å skilje mellom usamansette og samansette stadnamn. Dette vert gjort i eit eige felt, og dette feltet kallar me "morfeminndeling". Her vert alle ledd (=morfem) i eit stadnamn (dvs. både leksikalske og grammatiske morfem) markerte ved hjelp av spesialteikn.

Det er ein del stadnamn som ved fyrste augnekast ser samansette ut, men som ved nærare gransking syner seg ikkje å vera samansette i vår meining av ordet. Grunnen er at samansetninga skjedde før stadnamnet vart laga. Fylgjande oversyn viser døme på slike stadnamn (til høgre for skråstreken står eit vanleg samansett stadnamn):

Øydegarden	/	Larsgarden
Skigarden		
Prestegarden		
Moltemyra	/	Veslemyra
Torvmyra		
Hengemyra		

I vanleg språkbruk er (var) det fullt mogeleg å prate om ein øydegard, ein skigard, ein prestegard, ei moltemyr, ei torvmyr og ei hengemyr. Derimot gir det inga meining å prate om ein *larsgard eller ei *veslemyr. Det er fyrst som stadnamn at Larsgarden og Veslemyra får eit forståeleg innhald.

Innan nordisk namnegransking vert stadnamn som Øydegarden,

[1] Med ledd meiner me her morfem som er leksikalske, dvs. er oppslagsord og har ei sjølvstendig tyding.

Prestegarden osv. gjerne karakteriserte som appellativiske samansetningar, eller meir presist: samansette lokalitetsappellativ. I Fagordliste for norsk namnegransking (Oslo 1981) finn me fylgjande definisjon: "Eit samansett appellativ i funksjon som etterlekk eller stadnamn. Samansetninga var eit samnamn før ho vart nytta i namnelaging." Som eksempel er ført opp orda bólstaðr og húsabýr. Denne definisjonen inkluderer strengt tatt alle samansette appellativ i eit språk, for alle appellativiske samansetningar kan fungere som "etterlekk eller stadnamn" (jf. Brødkorga, namn på åker og Grautafatet, namn på myr). Me har derfor valt å avgrense definisjonen til å gjelde alle appellativiske samansetningar som har eller har hatt terrengkarakteriserande funksjon. Denne siste presiseringa finn me også i definisjonen av dei "tradisjonelle" stadnamn-grunnorda. Frå eit stadnamnsynspunkt synest dette å vera rett. Usamansette appellativ som bekk, haug, åker og samansette appellativ som skigard, vegkryss osv. fungerer på same måten som ledd i stadnamn.

Ut frå dette har me så funne det rimeleg å skilje mellom desse tre gruppene av stadnamn (formene i parentes syner korleis dette er gjort ved edb-registreringa):

1) usamansette stadnamn: Vik, Åsen (inga markering)
2) samansette stadnamn: Dovrefjell (Dovre/fjell)
   Hallingdal (Halling/dal)
3) stadnamn som inneheld eit samansett lokalitetsappellativ: Torvmyra (Torv+myra)
   Øydegard (Øyde+gard)

Denne særskilde markeringa av samansette lokalitetsappellativ gjer det naudsynt med ei grensedraging mot samansette appellativ som ikkje har (hatt) terrengkarakteriserande funksjon. Ord for bygningar som t.d. sauestall, uthus, bedehus meiner me det er rett å markere som samansette lokalitetsappellativ. Det same gjeld fylgjande samansetningar: bjørnehi n, firkant m, fugleleik m, grustak n, inngjerding f, kyrkjeveg m, kolbotn m, oppkomme f, skyttarbane m, tømmervelte f, utsikt m, for å nemne nokre av dei samansette

appellativa som har vore diskuterte ved edb-registreringa. Men her er grensedraginga svært vanskeleg, og diskusjonen er nok enno ikkje avslutta.

Vidare møter ein vanskar ved t.d. relasjonsnamn som Holdikekra (Ytre Søndeled). Dette stadnamnet er truleg samansett av holdike n + ekre f, men me kan sjølvsagt ikkje vera sikker på om holdik(e) alt var stadnamn (*Holdiket) då namnet Holdikekra vart laga. I så fall vil namnet koma i same kategori som t.d. Stormyrheia. På den andre sida kan det vera interessant å fastslå at t.d. holdike n eksisterer (eller har eksistert) som lokalitetsappellativ innan eit bestemt område.

Eit anna problem som melder seg i denne samanhengen, er om ein skal trekkje inn spørsmålet om når samansetninga vart laga for å avgjera om eit appellativ er samansett eller ikkje. Ordet stolphus n vil oftast verte oppfatta som ei samansetning av stolpe m og hus n. Det tilsvarande ordet stabbur n vil derimot ikkje så lett verte sett på som ei samansetning, og ordet fjøs n (opphavleg av fé + hús) kan ein neppe tenkje på å dele. Ei løysing vil vera å la informanten si oppfatning av ordet vera avgjerande.

Til slutt må ein kunne spørja: kva vinn me ved ei slik inndeling av ledda i samansette lokalitetsappellativ? Etter vår meining er det viktig at ein får med fleire opplysningar (og dermed høve til fleire ulike sorteringar) heilt frå starten. Markeringa gir oss høve til å sortere ut ein type grunnord som klart skil seg frå dei meir "tradisjonelle" grunnorda når det gjeld struktur. Poenget er jo å utvikle eit system som på ein tilfredsstillande måte etterkjem dei krav ein språk- og namnegranskar kan stille til eit namnemateriale.

Erik Vintermyr
Margit Harsson

NAMN SOM FORTEL OM OSS

Av Peter Hallaråker

På mange måtar har Noreg vore eit føregangsland når det gjeld stadnamninnsamling og stadnamngransking. Føregangsmannen var Oluf Rygh (1833-1899) med storverket Norske Gaardnavne (1897-1936). Oluf Rygh hadde konsentrert seg om bustadnamna. Magnus Olsen (1873-1963), som var ein av redaktørane til Norske Gaardnavne, hadde hevda at det også måtte vere viktig å samle inn andre namn enn bustadnamn. Han tenkte då særleg på alle naturnamna rundt om i landet. Derfor arbeidde han med tanken om å opprette eit nasjonalt stadnamnarkiv, og idéen vart til røyndom i 1921, då Norsk stadnamnarkiv vart skipa med Gustav Indrebø (1889-1942) som styrar.

Tanken om å byggje opp regionale stadnamnarkiv kom som ein naturleg konsekvens av skipinga av universiteta i Bergen, Trondheim og Tromsø. Utbygginga av distriktshøgskular verka i same lei, men sidan distriktshøgskulane i første rekkje var knytte til bestemte fylke, fall det naturleg å ta opp til drøfting om ein også burde skipe fylkesarkiv, som bygde på kommunale stadnamnarkiv.

Så langt er det likevel berre Rogaland fylke som er kome eit godt stykke på veg med å byggje opp eit stadnamnarkiv for heile fylket, medan Møre og Romsdal berre så vidt er kome skikkeleg i gang.

Ein sentral person i arbeidet med å byggje opp eit fagleg stadnamnmiljø i Rogaland med tilknyting til Rogaland distriktshøgskule, Rogalandsforskning og fylkeskommunen, er Inge Særheim. Han er prosjektleiar for det store Rogalandsprosjektet, som har som mål å samle inn alle stadnamn i alle kommunane i fylket. I samband med dette utarbeidde han i 1982 ei handbok i innsamling og arkivering av stadnamn.Denne boka vart prenta som rapport ved Rogalandsforskning,der han då var engasjert. Ho er tenkt som ei rettleiing ved kurs i innsamling og arkivering av stadnamn i Rogaland. Så langt eg har høyrt og lese, har boka fungert godt, særleg fordi ho var tilrettelagd for innsamlarar utan fagutdanning i eit bestemt fylke.

Den boka som no er komen på Universitetsforlaget, har same tittel, men er ikkje skriven for same målgruppe. Ho har ikkje noko regionalt siktepunkt, men ser heile landet under eitt. Eg er komen i tvil om dette er ein føremon, jamvel om eg veit at det er stort behov for ei slik generell rettleiing i innsamling av stadnamn rundt om i landet.

Boka har eit svært tiltalande format og er lett å lese. Teikninga av informanten på framsida er vel ikkje heilt vellukka. Han minner mest om ein prost eller bisp og slett ikkje om ein bonde på Jæren eller i Sunn-

INGE SÆRHEIM

NAMN
som fortel om oss

HANDBOK I INNSAMLING OG ARKIVERING AV STADNAMN

Stadnamna våre er verneverdige minne frå fortida. Dei er òg eit viktig kulturhistorisk kjeldetilfang. Her får me opplysningar om språkbruk, busetnad, gudsdyrking, ferdsel, arbeid, tradisjonar og hendingar.

Namn som fortel om oss gjev rettleiing om innsamling av stadnamn. Innsamlinga kan gjerast av „vanlege" folk, utan spesialutdanning i språk og namnegransking.

Forfattaren presenterer ein framgangsmåte der ein nyttar hjelpemiddel som namnelister, gode kart og kassettopptakar. Han gjer greie for arbeidsgangen ved innsamling, gjev oppgåver og legg fram ein plan for organisering av stadnamninnsamling.

Kr 95,00

Til salgs i bokhandelen.

UNIVERSITETSFORLAGET

fjord.

Til saman er boka på 89 sider i A5-format fordelt på 8 hovudkapittel pluss ei kort litteraturliste. Det er mykje luft mellom avsnitta og kapitla, men ingen fotografi slik som i førre boka. Derimot er det fleire utsnitt frå Økonomisk kartverk, Noregs sjøkartverk og kart frå Noregs geografiske oppmåling (NGO-kart). Dessutan er det namnelister, kopi av ei skulebarnsoppskrift frå 1930-åra og døme på utfylte arkivkort. Alt dette gjer at boka har vorte svært lettlesen, ja, på dette punktet må ho seiast å vere mønstergyldig. Særheim bør ha ros for å kunne skrive så pass enkelt om eit emne som i realiteten er innfløkt.

Når det gjeld innhaldet, har dette fått eit altfor generelt preg etter mitt syn. Særheim problematiserer ikkje eit einaste spørsmål, så langt eg kan sjå. Dette har vel samanheng med at ei nasjonal lærebok som føreset ein fagperson som lærar, må vere slik. Indirekte går han likevel inn på ein del vanskelege spørsmål i kap. 8 "Tillegg" om lydskrift, bruk av EDB og normering, men dette kapitlet er vel tenkt berre for fagfolk.

Innhaldslista gjev ein god peikepinn om hovudinnhaldet i boka: 1. Innsamling av stadnamn - bakgrunn, 2. Førebuing av innsamling, 3. Samling av opplysningar, 4. Døme på innsamling, 5. Arbeidsgang ved innsamling, 6. Oppgåver, 7. Organisering av innsamling og 8. Tillegg.

Dei generelle kapitla om framgangsmåte, arbeidsgang og organisering av innsamlingsarbeid er klare og greie. Alle som har noka røynsle med innsamling av namn, vil likevel vite at det er på to felt ein møter problem, dersom ein skal basere arbeidet på oppskrivarar (og informantar) utan fagutdanning. Det er bruk av kart og karttilvising og attgjeving av den genuine uttalen, altså den ekte målføreuttalen. Når det gjeld bruk av kart, er det to tilhøve som er temmeleg avgjerande. Det eine er om ein er nøydd til å bruke kart med ulik målestokk (t.d. 1:5 000 og 1:50 000) og kanskje også ulik karttype (t.d. sjøkart og NGO-kart). Etter mi røynsle er det berre unntaksvis at ein informant kan gi rett karttilvising, dersom ein bruker fleire karttypar og ulike målestokkar samstundes. Det andre tilhøvet gjeld sjølve terrenget. Dersom det er mange bratte fjellsider og ein dessutan bruker eit kart med liten målestokk (Økonomisk kartverk går berre opp til 600 m mange stader), er det faktisk uråd å gi rett karttilvising. Einaste måten er då å ta eit bilete av fjellsida og markere namna der. Det ville derfor vere rimeleg å vente at Særheim problematiserte dette punktet noko.

Når det derimot gjeld attgjeving av uttalen, har han funne fram til den einaste løysinga som er brukbar i praksis. Han tilrår at ein skriv namnet så nær målføreuttalen som råd er med vanlege bokstavar, og så får ein fag-

person seinare skrive namnet med lydskrift. I tillegg går han inn for å få uttalen innlesen på kassettar. Dette er vel og bra nok, men det er nok ikkje på langt nær så enkelt som det er framstilt i boka. Ein kunne også vente at han gjekk inn på eit par av dei beste typane av kassettopptakarar.

Dersom ein skal freiste å gi ei samla vurdering av denne boka, må det vere at ho har eit tiltalande format, er lettlesen og såleis høveleg som lærebok for ikkje-fagfolk i stadnamn. Men boka føreset at læraren må ha høg fagutdanning.

Kap. 8 "Tillegg" oppfattar eg som merknader eller råd til fagfolk, og eg skjønar ikkje heilt kva dette kapitlet har her å gjere. Det måtte vere betre å integrere noko av dette i dei andre kapitla. Det verkar også noko påfallande å prente utdrag av ei utgreiing (NOU 1983:6 Stadnamn) i ei lærebok som sikkert vil bli brukt av mange. Kva som vil skje med framlegget i utgreiinga, veit vi derimot ingenting om. For dei som er inne i faget, verkar det noko påhengt å greie ut om arkivering, fonemisk skrivemåte og normering av stadnamn til slutt. For ikkje-fagfolk kan det verke direkte forvirrande, og spesielt interesserte kan hente desse opplysningane i lett tilgjengelege skrifter.

Hovudføremålet med boka har vore å skrive ei rettleiing i innsamling og arkivering for folk flest i landet. Dette har Inge Særheim lykkast med langt på veg etter mitt skjønn. Det får våge seg at han ikkje har kunna gå nærare inn på ein del av dei problema som stadnamnsamlarar rundt om i landet vil stå overfor.

Inge Særheim: Namn som fortel om oss. Handbok i innsamling og arkivering av stadnamn. Universitetsforlaget 1984. Kr. 95,-

RETTING

I Terje Aarset si melding av Det Bestes Noregs-atlas i nr. 1 av NYTT OM NAMN (s. 16-17) hadde det kome inn eit par prentefeil. I oversynet over døme på feil skrivemåte av stadnamn s. 16 skal det stå "Rekdal (Rekedal)". Vidare skal siste avsnittet lyda: "Forlaget Det Beste har sett ein kartmann til å vere namneredaktør for verket. Korleis ville norske kart ta seg ut om ein sette filologar til å ta seg av det kartografiske arbeidet?"

BOKA FÅR DU I BOKHANDELEN

Kva skal barnet heite?

Kva tyder namnet mitt?

Norsk personnamn-leksikon

Ei moderne handbok om norske fornamn, med forklaringar og andre opplysningar om dei fleste personnamn som er eller har vore i vanleg bruk her i landet. Redigert av Ola Stemshaug.

Innb. kr 130,00.

SAMLAGET

NYE PUBLIKASJONAR

Stadnamngransking i Møre og Romsdal. Av Peter Hallaråker, Møre og Romsdal distriktshøgskule/Møreforsking, 6100 Volda. Kr. 50

Den 3. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 18. november 1983. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1984. (Hovudemne: Etterreformatoriske kjelder i namnegransking). Kr. 40

Kjem våren 1985:

Adresse og namn. Handbok i adressetildeling. Miljøverndepartementet.

NESTE "NYTT OM NAMN" KJEM I MAI

INNLEGG TIL MELDINGSBLADET MÅ SENDAST INNAN 1. APRIL 1985

Returadresse
Institutt for namnegransking
Postboks 1011 Blindern
315 Oslo 3

ISSN 0800 - 4676